



KOMMUNAL- OG DISTRIKTSDEPARTEMENTET  
Postboks 8112 DEP  
0032 OSLO

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Tone Reinsnos, 57 64 30 47  
Sarah Kvåle Skouen, 55 57 21 15  
Frida Halland, 57 64 31 28

## Uttale - Alminneleg høyring - Forslag til ny kart- og planforskrift

Vi viser til oversending den 24.01.2024, dykkar ref. 24/368, og som gjeld alminneleg høyring av forslag til ny kart- og planforskrift. Frist for innspel er 22.04.2024.

### Innleiing

Eit oppdatert og tilgjengeleg planregister er særst viktig for god og effektiv sakshandsaming. Statsforvaltaren i Vestland handsamar årleg i overkant av 300 arealplansaker og om lag 1900 dispensasjonssaker (tal frå 2023), og treng lett tilgjengeleg og oppdatert informasjon om planforslag og planstatus.

Den nye digitale kvardagen vår gjer at vi må tenke annleis på framtidens planregister. Tidlegare var det nok å sjå og søke i planregisteret, medan ein no i tillegg ønskjer å gjere analysar på kartdata og føresegner.

I samband med denne høyringa av kart- og planforskrifta, ønskjer Statsforvaltaren i Vestland å spele inn at det må lagast eit nasjonalt planregister på same måte som grunnboka og matrikkelen. Då kan ein sikre meir lik føring av planregister, og få på plass god versjonshandtering av planar. Ein kommuneplan som har fleire høyringsrundar må vera tilgjengeleg som kartfiler og tenester, og ikkje berre PDF. Det trengs altså fleire planbasar for høyring. I dag vert arealplanar arkiverte i kommunen sitt planregister og arkiv, og i tillegg hjå alle høyringspartane. Dette er ikkje greitt berekraftig og samfunnsøkonomisk. Det går med mykje tid og midlar til all denne arkiveringa. Vi er klar over at arkivlova ikkje opnar for dette no, men spelar det likevel inn sidan vi tenkjer at dette er framtida.

Statsforvaltaren i Vestland støttar valet om desse forenklingane av forskrifta, og som vil gjere forskrifta lettare å lese:

- ta ut definisjonar som står i plan- og bygningslova
- fjerne føresegner om planarkiv som følgjer arkivlova
- samle alle generelle føresegner i kapittel 1

### Innspel til kap. 3.3 *Definisjoner* (§ 2)

Vi meiner ein med føremon også kunne definert «datasett», som ein finn i § 4.



### **Innspel til kap. 3.6 Tilgang til informasjon i planregisteret og det offentlige kartgrunnlaget (§ 5)**

Første ledd – andre setning:

*Kommunen skal sørge for at informasjon fra planregisteret er elektronisk tilgjengelig i form av søke- og visningstjenester på Internett.*

Forslag til endring:

*Kommunen skal sørge for at informasjon fra planregisteret er elektronisk tilgjengelig i form av søke-, visnings- og nedlastingstjenester på Internett, **både i høringsfase og etter vedtak.***

Grunngjeving:

Tidlegare var det nok å sjå på data i søke- og visningstenester, men i dag trengst det meir direkte tilgang til plandata for å kunne gjere analyser og kople plandata med andre data. Bruken av plandata i arealrekneskap er eit døme på dette.

Fjerde ledd:

*Kommunen skal sørge for at data fra planregisteret er tilgjengelig for nedlastning via den nasjonale geografiske infrastrukturen etter de reglene som gjelder for slik deling av data.*

Forslag til endring:

*Kommunen skal sørge for at **oppdaterte** data fra planregisteret er tilgjengelig for nedlastning via den nasjonale geografiske infrastrukturen etter de reglene som gjelder for slik deling av data.*

Grunngjeving:

For kommunar som ikkje har geosynkronisering av plandata på plass, er krava i dag om levering av plandata 1-2 gongar i året ikkje godt nok. For høringspartar er det viktig å ha oppdaterte plandata tilgjengeleg. Alle kommunane bør difor geosynkronisere alle plantypar og planstatusar.

### **Innspel til kap. 4.3 Krav om kartlegging (§ 8)**

Tredje ledd:

*Kommunen skal vurdere om mottatte geodata kan innarbeides i det offentlige kartgrunnlaget. Dersom kommunen ikke selv innarbeider slike data i det offentlige kartgrunnlaget, skal dataene stilles til rådighet for andre relevante offentlige organer i den grad dataene må antas å være anvendelige.*

Forslag til endring:

*Kommunen skal vurdere om mottatte geodata kan innarbeides i det offentlige kartgrunnlaget. **Dette gjelder geodata som ikke er fanget opp av krav i forskrift om konsekvensutredning.** Dersom kommunen ikke selv innarbeider slike data i det offentlige kartgrunnlaget, skal dataene stilles til rådighet for andre relevante offentlige organer i den grad dataene må antas å være anvendelige. **Relevante offentlige organer skal innarbeide dataene i det offentlige kartgrunnlaget dersom de antas å være anvendelige.***

Grunngjeving:

Vi tolkar dette som geodata som ikkje er fanga opp gjennom krav som går fram av forskrift om konsekvensutgreiing § 24. Då er det viktig å presisere dette. Siste setninga skal forplikte offentlege organ som mottek kartdata frå kommunen til innarbeide dette i det offentlege kartgrunnlaget.



## Innspel til kap. 4.4 Krav om å levere data i digital form (§ 9)

Fjerde ledd:

*Kommunen kan kreve at forslag til arealplan som skal tas opp til behandling av kommunen, tilfredsstillende alle tekniske krav med hjemmel i forskriften her. Kommunen skal så raskt som mulig etter mottakelsen av planen gi forslagsstiller melding hvis kravene ikke er oppfylt, og summarisk oppgi avvikene.*

Forslag til endring:

*Kommunen **skal** kreve at forslag til arealplan som skal tas opp til behandling av kommunen, tilfredsstillende alle tekniske krav med hjemmel i forskriften her. Kommunen skal så raskt som mulig etter mottakelsen av planen gi forslagsstiller melding hvis kravene ikke er oppfylt, og summarisk oppgi avvikene.*

Grunngjeving:

Ved å endre ordet **kan** til **skal** vert det tydelegare kva som alltid skal vere rett kvalitet på plandata slik at dei kan verte lagd inn i planregisteret. Det vert tydeleg både for kommunen og den som leverer frå seg plandata kva som er riktig teknisk krav. Dersom de held på **kan**, står ein i fare for at kommunen hamnar i ein situasjon der dei sjølv må rette planar som ikkje har rett kvalitet, fordi det av ulike grunnar ikkje vert stilt krav om dette ved innlevering. Det er ikkje alle kommunar som har ressursar og kompetanse til oppretting av plan, og då aukar risikoen for at ikkje alle planar kjem inn i planregisteret.

## Innspel til kap. 8.2 Arealformål (vedlegg I og II)

### 8.2.1 Innledning

I den nye organiseringa av arealføremål, har ein gått bort ifrå felles tabell og i staden lagt det som to vedlegg og opplisting. Vi er samde i at dette *kan* vere ein ryddigare måte å organisere føremåla på, men vi saknar koplinga mellom arealføremåla på dei ulike nivåa (kva som er rett underføremål under underføremål).

Vi saknar også ein kort forklaring/definisjon eller at det vert vist til kor ein finn definisjonen på kva som inngår i kvart enkelt arealføremål, som hjelp i tolking og kor føreseieleg arealplanar vert. Døme på arealføremål som vert krevjande å finne definisjon på er «Fangstbasert levandlagring». Logisk sett kan dette verte forstått som det same som «Låsettingsplass», men som ligg under «Fiske» og ikkje «Akvakultur». «Fjernveg» er også eit døme.

Statsforvaltaren i Vestland får med jamne mellomrom saker til høyring som gjeld nye tiltak/aktivitetar som kan vere vanskeleg å tydeleg definere inn i eit konkret arealføremål, slik som glamping-anlegg, tretoppfytter og frisbee-golf. Dette kunne med føremon også vore spesifikt nemnd slik at det ikkje vert tvil om kor denne typen tiltak høyrer heime.

Vi meiner elles at «Pelsdyranlegg» bør verte fjerna som arealføremål, sidan det er bestemt avvikla.

### 8.2.3 Urbant landbruk

Det er bra å ha dette som eit eige underformål, men vi finn det noko vanskeleg å plassere under berre eitt hovudformål. Her er fleire hovudføremål som kan vere treffande, avhengig av situasjon. Urbant landbruk som aktivitet kan ligge til både offentleg (offentleg park/ grønstruktur) og privat (bustadprosjekt). Offentleg park og bustader ligg som regel i tettbygde strok og difor er både «Bebyggelse og anlegg» og «Grønnstruktur» aktuelle formål. Vårt innspel er såleis at «Urbant landbruk» bør ligge både under «Grønnstruktur» og «Bebyggelse og anlegg».



Vi finn vidare å måtte peike på nokre uheldige definisjonar av urbant landbruk i strategi for urbant landbruk (Regjeringa 2021), kap. 1. Her vert det bynære landbruket trekt inn i definisjonen av urbant landbruk. Vi er samd i at drift og modell for verksemd i landbruket kan grense inn mot, og vere del av, eit urbant landbruk. Likevel, når ein no ønskjer å definere urbant landbruk som eige underføremål i kart- og planforskrifta, må ein samstundes vere tydeleg på skilje mellom landbruk, som skal ligge i LNF-føremålet, og det urbane landbruket som i ein slik samanheng må verte tolka som at ligg innanfor tettbygd strok. Det urbane landbruket skal vere eit supplement til landbruket, og ikkje ein konkurrent. Sett i lys av auka merksemd på beredskap, meiner vi også at urbant landbruk har ein viktig funksjon i arealplanlegginga.

#### 8.2.4 Massedeponi

Statsforvaltaren i Vestland ser at det er eit stort behov for anlegg som kan ta imot, sortere, fraksjonere og mellombels lagring massar, og sluttdeponi for massar som ikkje kan brukast om att. Vi stiller spørsmål ved om «Massedeponi» er rett namn på dette underføremålet, sidan det skal gjelde både mottak, sortering, mellomlagring og permanent lagring av overskotsmassar frå bygg- og anleggsverksemd og gruveverksemd. Vi meiner såleis namnet bør fortelje meir om innhaldet, og foreslår «Massegjenvinning og -deponi». «Massedeponi» åleine refererer i alt for stor grad til sluttdeponi, noko som ligg lengst nede i avfallspyramiden.

#### 8.2.5 Kraftkrevjande industri

Vi er samd at kraftkrevjande industri høyrer heime under arealsonar i plankart til regional plan, og må sjåast i samanheng med kapasiteten og tilgjenge på kraft.

Vi er òg samd i at det kan verte vanskeleg å definere kva som høyrer innunder omgrepet kraftkrevjande industri, og at det såleis kan skape tvil ved å ha dette som eige arealføremål under «Bebyggelse og anlegg» på reguleringsplannivå. Reguleringsplan bør difor berre kunne regulere til «Industri» som før.

#### 8.2.9 Faunapassasje

Statsforvaltaren i Vestland er einig i at dette vert eit eige underføremål, men det bør og inn under hovudføremålet *Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur* på kommuneplan nivå. Det er særleg på kommuneplan at du kan sjå kva som kan planleggjast rundt ein faunapassasje. Det er viktig å få fram heilskapen og sjå arealbruk i ein samanheng. For å ta omsyn til viltet må faunapassasje løftast opp og synleggjerast i arealplan. Veganlegg er store hinder for viltet og særskilt kostbare anlegg. Difor er det viktig å ikkje planlegge til dømes bustadområde tett på faunapassasje. Det kan vera naturleg å kombinere dette underføremålet med omsynssona naturmiljø H560 for å vise samheng.

Med helsing

Nils Erling Yndesdal  
spesialrådgjevar

Egil Hauge  
seksjonsleiar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*